

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Årdal vidaregåande skule
Møtedato	21.01.2004
Kl.	09:00 – 14:00

Faste medlemer til stades:

Knut M. Olsen (SP)
Jarle Skartun (SP)
Laila Melkevoll (SP)
Edith Aarebrot Madsen (H)
Siv Langøen Rotevatn (V)
Arne Hovland (AP)
Gunnvor A. Sunde (AP)
Signe-Andrea Henden (SV)
Svein Ottar Sandal (KrF)

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med tale-/framleggsrett: Fylkesdirektør Hans Peder Vibe

Fylkeshovudtillitsvald i Utdanningsforbundet i
Sogn og Fjordane – Egil Johnsen

Andre til stades:

Kontorsjef Ingeborg Lie Fredheim
Spesialrådgjevar Birger Spjeld
Rådgjevar Ole Inge Gjerald

Sekretariat for møtet:

Konsulent Gerd Haugen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 10.12.04 vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Munnlege orienteringar:

Leiaren orienterte om følgjande:

1 EKSTRAORDINÆRT MØTE I HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING 3. MARS 2004

Det vil bli ekstraordinært møte i den 3. mars med møtestart kl. 09:30 - møtestad Skei Hotel, Skei i Jølster.

2 DELTAKING PÅ REKTORSAMLING 11. MAI – MØTESTAD MÅLØY

Det vil bli fellesmøte med rektorane 11. mai etter lunsj - møtestad Måløy .

3 NETTBASERT GRUNNKURS – HAFS

Lene Gjelsvik , prosjektleiar Hafs og Rolf Kleiven lærar ved Dale vidaregåande skule orienterte om prosjektsøknaden "Nettbasert grunnkurs i HAFS". Utvalet fekk utdelt Rapport frå Forprosjektet.

Merknad:

Utvalet ber om at administrasjonen ser dette i samanhang med arbeidet med Strategisk handlingsprogram.

Fylkesdirektøren orienterte om følgjande:

4 ENDRING I ORGANISERINGA – OPPLÆRINGSAVDELINGA

- Eige sekretariatet for fagopplæringsnemnda går ut frå 01.01.04. Heile opplæringsavdelinga er no sekretariat. Ass. fylkesdirektør deltek på møta i fagopplæringsnemnda.
- Det er oppretta eit nytt basisteam – Fag og vaksenopplæring mellombels fram 01.01.05.
- Det er tilsett fagkoordinator for basisteamet Fag og vaksenopplæring fram til 01.01.05.
- Det er tilsett rådgjevar som skal ha opplæring i bedrift og tilrettelagt opplæring i skule og bedrift som hovudarbeidsområde.

5 STRATEGISK HANDLINGSPROGRAM

Rådgjevar Ole Inge Gjerald orientere om status for arbeidet med strategisk handlingsprogram.

Dokumentasjon blir sendt medlemmene på E-post.

Skriv til orientering:

1/1-04 PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE – INDRE SUNNFJORD

Kopi av møtereferat dagsett 08.01.2004

Ingen merknad.

2/1-04 PRIS PÅ EUROPASSKONFERANSE

Kopi av brev til Årdal vidaregåande skule

Kopi av brev til Måløy vidaregåande skule

Ingen merknad.

SAK 0001/04

BUDSJETT 2004 - FORDELING

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring fordeler rammene på tenestenivå slik det går fram av saksførelegget.
2. Restløyving til REAL – prosjektet vert disponert i samsvar med vedtak i HO-sak 0016/02 – ”Entreprenørskap i vidaregåande skule”

Endringsframlegg:

Svein Ottar Sandal (KrF) sette fram slikt framlegg til pkt. 3:

”Det må leggjast fram sak til møtet 3. mars om finansiering av arbeidslivskontaktar ved Flora vidaregåande skule, Høyanger vidaregåande skule og Årdal vidaregåande skule.”

Avrøysting:

Samrøystes.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Hovudutval for opplæring fordeler rammene på tenestenivå slik det går fram av saksførelegget.
2. Restløyving til REAL – prosjektet vert disponert i samsvar med vedtak i HO-sak 0016/02 – ”Entreprenørskap i vidaregåande skule”
3. Det må leggjast fram sak til møtet 3. mars om finansiering av arbeidslivskontaktar ved Flora vidaregåande skule, Høyanger vidaregåande skule og Årdal vidaregåande skule.

SAK 0002/04

VAL AV STYREMEDLEM - PPT INDRE SUNNFJORD

VEDTAK:

Hovudutval for opplæring vel følgjande medlem og varamedlem i styret for PPT Indre Sunnfjord for perioden 01.01.04 – 01.08.04.

Styremedlem: Trygve Jacobsen

Varamedlem: Marta Sofie Vange

SAK 0003/04

OPPNEMNING AV REPRESENTANT I FORUM FOR KOMPETANSEUTVIKLING

VEDTAK:

Hovudutval for opplæring oppnemner som representant i Forum for kompetanseutvikling for valperioden 2004-2007:

1. Knut M. Olsen

Vara: Svein Ottar Sandal

Det var orientering frå elevar, administrasjonen og organisasjonar ved Årdal vidaregåande skule med omvisning frå kl. 12:00 – 14:00.